



Tysnes kommune

Skisser med kalkyle Tysnes skule

Ombygging og rehabilitering av Tysnes Skule

21.okt 2013

2013-10-21 Oppdrags nr.: 5133357



Innhald

1	Innleiing	4
1.1.1.1	Skulebruksplan	4
1.1.1.2	Kvalitetsmål for skulane	5
1.1.1.3	Sentralt regelverk	6
1.1.1.4	Politiske føringar og målsettingar	7
1.1.1.5	Elevtalsprognoser	8
2	Dagens situasjon	9
2.1.1.1	Nøkkeltal Tysnes skule	9
2.1.1.2	Dagens bygningsmasse	9
2.1.1.3	Enkel vurdering av tilstand i eksisterande bygningar og uteareal, Norconsult.	10
2.1.1.4	Tidlegare tilstandsvurderingar	12
3	Brukarmedverknad	13
3.1	Gjennomføring og brukarmedverknad	13
3.2	innspel frå brukarar	13
4	Løysingsforslag	17
	Det har vorte utarbeidd tre utbyggingsalternativ :	17
4.1	Riving og ombygging	17
4.1.1.1	Arealprogram	17
4.1.1.2	Riving av barnedel, gamle gymsal, og biblioteksdel	19
4.1.1.3	Ikkje samlokalisering av Folkebibliotek og skulebibliotek.	19
4.1.1.4	Sambruk	19
4.1.1.5	Energieffektivitet	19
4.1.1.6	Kostnadar	19
4.2	Ombygging til 1-10 skule	20
4.2.1.1	Arkitektonisk konsept, 1-10 skule	20
4.2.1.2	Uteareal	22
4.2.1.3	Byggetrinn, 1-10 skule	22
4.3	Ombygging til 5-10 skule, med seinare utviding til 1-10	23
4.3.1.1	Arkitektonisk konsept, 5-10 skule	23
4.3.1.2	Uteareal	23
4.3.1.3	Byggetrinn, 5-10 skule	23
4.4	Ombygging av garderobar i symjehall	24
4.5	Lett rehabilitering	24

4.5.1.1	Arkitektonisk konsept, lett rehabilitering	24
4.5.1.2	Uteareal	25
5	Økonomi	26
5.1	Grovkalkylar	26
6	Vedlegg	27

1 Innleiing

Rådmannen la fram eit forslag for kommunestyre våren 2013 om å gjennomføra eit forprosjekt for å utgreia ei rehabilitering og ei ombygging av Tysnes skule. Kommunestyre vedtok i den forbindelse å oppretta ei prosjektgruppe og gav gruppa eit mandat.

Mandatet la til grunn at prosjektgruppa skulle greia ut følgjande:

- Ei lett rehabilitering av Tysnes skule til ein kostnad på ca 10 mill kroner
- Ei ombygging av Tysnes skule kor kulturskulen og vaksenopplæringa får plass – og der det samtidig blir tatt høgde for å kunne utvida skulen til ein 1 til 10 skule.

For å bistå prosjektgruppa med fagkompetanse skulle det innhentast tilbod på rådgjeving.

Norconsult fekk oppdraget med å utarbeide forslag som syner korleis Tysnes skule kan utviklast i framtida basert på prosjektgruppas mandat.

1.1.1.1 Skulebruksplan

Norconsult har tidlegare utarbeidd gjeldande skulebruksplan som vart framlagt for kommunestyret i juni 2011.

Føremålet med denne planen har vore å gi politikarane eit godt grunnlag når kommunen sin framtidige skulestruktur skal utmeislast, og har vorte utarbeidd med tanke på å vera eit langsiktig styringsverktøy for heile kommunen.

Elevtalet i Tysnesskulen har gått jamt og trutt tilbake gjennom dei seinaste 8-10 åra, og denne tendensen ser ut til å halda fram dei næraste åra, sjølv om tilbakegangen har kome noko seinare enn forventa.

Prognosane syner at vi når eit botnnivå i skuleåret 2015/2016 med ein elevtalsprognose på ca 280 elevar mot dagens 335.

Det er likevel i desse prognosane antatt at desse tala vil peika oppover på sikt, og det er i planen foreslått at skulane skal dimensjonast for ca 10% fleire elevar enn det som prognosane angir.

1.1.1.2 Kvalitetsmål for skulane

Kunnskapsløftet vart innført i 2006. Den generelle læreplanen er vidareført. Intensjonen er at norske elevar skal verta sett betre i stand til å møta kunnskapssamfunnet med sine utfordringar. Fem grunnleggjande dugleikar skal integrerast i alle fag og på alle nivå:

å kunne uttrykkje seg munnleg

å kunne lese

å kunne uttrykkje seg skriftleg

å kunne rekne

å kunne bruke digitale verktøy

Nokre sentrale føringar i høve kvalitet som Tysnes kommune legg vekt på:

- "Skapande læring" er Kunnskapsdepartementet sin Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007-2010. Eit enda betre samspel mellom grunnskulen og kulturskulen er under offentleg utgreiing: "Et mer omfattende kulturskoletilbud i tilknytning til SFO/skole" er det kalla. Det er ønskeleg at opplæringa og oppvekstmiljøet skal syast enda tettare saman.
- Bibliotek /mediatek som læringsarena: det betyr at skulane må ha tilgang til fullgode bibliotek.
- Rom for matematikk- og teknologi – inne, ute og virtuelle. Det må leggjast til rette for å styrka realfagsinteressa og - kompetansen til born og unge.
- Lærarrolla og lærarutdanninga skal styrkjast. For framtida vil lærarutdanninga verta meir spesialisert, ikkje ei generell allmennlærarutdanning for grunnskulen. Lærarar skal spesialisera seg for anten 1.-7.trinn, eller med fordjuping i fag for 5.-10.trinn.
- For framtida vil rekruttering av lærarar vera styrt meir inn mot spesialisering.

Pedagogisk plattform:

1. Tilpassa opplæring i eit trygt, tolerant og godt sosialt miljø som fremjar trivsel, mangfald og personleg utvikling hos elevane
2. Fokus på lærelyst og fagleg utvikling
3. Kvalifiserte, profesjonelle og motiverte lærarar og assistentar
4. Trygge, glade og aktive elevar i god fysisk form
5. Gode fysiske rammer og vel fungerande skuleanlegg

6. Aktiv (omfattande) elev- og foreldremedverknad, godt (aktivt) samarbeid mellom heim og skule
7. Ein skulekvardag prega av ro, orden, god framferd og gjensidig respekt
8. Nulltoleranse for mobbing
9. Ein nytenkande, utviklingsorientert og handlekraftig aktør i Tysnessamfunnet
10. IKT-satsing og tilgang på oppdatert læringsmateriell
11. Fokus på vurdering for læring

Skulebruksplanen foreslår at følgjande pedagogisk mål bør leggjast til grunn for den vidare utviklinga av skuleanlegga i Tysnes kommune:

- Skapa eit godt fysisk og psykososialt arbeids- og læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- Blikk for den einskilde – sikra at eleven som positiv ressurs får utvikla sine evne og talent både individuelt og i samarbeid med andre.
- Fremja tilpassa opplæring der eleven sitt behov set rammer for korleis skuledagen vert utforma.
- Fokusera på måloppnåing, ikkje arbeidsmengde, og nytta varierte arbeidsmetodar som hjelper eleven å nå måla.
- Skapa eit læringsmiljø basert på tillit og medansvar.
- Leggja til rette for reell elevmedverknad og at elevane kan ta bevisste verdival og val av utdanningsveg.
- Leggja til rette for at elevane får utvikla evne til å visa omsorg og samarbeida om det som er til det beste både for einskildeleven og fellesskapet.
- Skapa rom for godt samarbeid mellom heim og skule, og sikra dei føresette sitt medansvar i opplæringa.
- Sikra at lokalsamfunnet vert involvert i opplæringa.
- Leggja til rette for internasjonalt samarbeid.

1.1.1.3 Sentralt regelverk

Det mest sentrale regelverket for ivaretaking av skulemiljøet er særleg knytt til fire lover:

- *Opplæringslova (skuleavdelinga i kommunen)*
- *Kommunehelsetenestelova (kommunehelsetenesta)*
- *Arbeidsmiljølova (Arbeidstilsynet)*

- *Plan- og bygningslova (Landbruk/teknisk i kommunen).*

1.1.1.4 Politiske føringar og målsettingar

Generell målsetting for skulane på Tysnes, er at Skuleanlegga må vere generelle, fleksible, universelt utforma og arealeffektive. Vidare må nye kommunale bygg stette strenge energi, miljø- og klimakrav.

Til grunn for prosjektet ligg det i politiske vedtak følgjande føringar:

- Prosjektet skal gi føresetnader for meir effektiv drift på lang sikt gjennom god fleksibilitet og sambruk mellom Tysnes skule, kulturskulen og vaksenopplæringa.
- Prosjektet skal vera ei trygg ramme for ei kontinuerleg, open og samordna utvikling av kommunen og leggja til rette for godt samarbeid internt i kommunen og mellom kommuneorganisasjonen og samfunnet.
- Prosjektet skal bidra til at Tysnes kommune får eit godt omdøme blant dei som bur i og samarbeider med kommunen.
- Prosjektet skal gjennom utnytting av ny kunnskap verka til å leggja til rette for effektiv drift for komande periodar.
- Gjennom forprosjektet skal prosjektet syta for å prosjektera ei rehabilitering som ivareteke følgjande føresetnader:
- Skulen skal vera godt eigna for tilsette og elevar på Tysnes skule, det skal takast utgangspunkt i skulebruksplanen og dei føresetnader som er gjort om elevtalsutvikling.
- Skulen skal vera godt eigna for tilsette og elevar i kulturskulen og vaksenopplæringa. Det skal leggjast opp til effektiv sambruk.
- Skulen skal ta høgde for moglege framtidige utviklingstrekk innan skulesektoren slik som til dømes heildagsskulen.
- Prosjektet skal og leggja til rette for politisk fleksibilitet på lang sikt.

Kommunestyret har vidare gjort vedtak som gjev følgjande føringar:

«Prosjektet må byggja på dei føringar som ligg i vedteken skulebruksplan, samstundes er dei ein føresetnad at prosjektet tek høgde for framtidig fleksibilitet og utvikling»

«Prosjektet skal levera ei fullstendig vurdering av løysingar for ombygging av Tysnes skule.»

«Prosjektet skal saman med dette finna eigna lokale for ei samlokalisering mellom kulturskulen og Tysnes skule.»

«Prosjektet skal ivareta vaksenopplæringa sine behov for tenelege lokale.»

«Prosjektet skal skje i samsvar med, og byggja på relevant planverk for Tysnes kommune.»

«Prosjektet skal levera ein rapport som gjev grunnlag for at det kan gjerast vedtak om å leggja ut på anbud ved prosjektavslutning.»

«Forprosjektet skal vera avslutta innan 15. september 2013 slik at arbeidet kan leggjast til grunn for arbeid med budsjett og økonomiplan for 2014»


«Prosjektet skal vurdere skulen i samfunnet og aktivt gjera vurderingar om samspel med lag og organisasjonar, Tysnesfest med vidare».

«Prosjektet skal følgja opp måla i vedteken klima og energiplan for Tysnes kommune.»

1.1.1.5 Elevtalsprognoser

Til grunn for utarbeiding av arealprogrammet ved ombygging til ein ny skule, ligg elevtalsprognoser utarbeidd av Skoleseksjonen, Norconsult.

Til grunn for elevtalet for ein 1-10 skule ligg det føre følgande elevtalsprognose :



2 Dagens situasjon

2.1.1.1 Nøkkeltal Tysnes skule

Tysnes Skule	
Totalt elevtal	201
Elevar på barnesteget	81 elevar. Elevar kjem frå Uggdal og Tysnes skulekrins.
Elevar på ungdomssteget	120 elevar. Elevar kjem frå heile kommunen
Kapasitet i eksisterande bygningar	230 elevar
Bruttoareal eksisterande bygningar	4585 m ² inkl symjehall
Av dette læringsareal	1645 m ²
Areal tomt	25 mål

2.1.1.2 Dagens bygningsmasse

Skulen er lokalisert på Gjerstad ca 1 km frå Våge. Skulen ligg i nær tilknytting til Tysnes hallen, og har i dag elevar frå 5.-10. klasse, i alt ca 200 elevar.

Skulen er organisert som tradisjonell klasseromsskule, og kan delast inn i tre bygningsdelar som er utbygd ved i tre ulike tidspunkt.

- Ungdomsdel. 3 etasjar, areal 2415 m², oppført 1971
- Barnedel og musikkavdeling. 2 etasjar, areal 1452 m², oppført 1961
- Symjehall med garderobar. 2 etasjar, areal 718 m², oppført 1973



2.1.1.3 Enkel vurdering av tilstand i eksisterande bygningar og uteareal, Norconsult.

Tysnes skule er ein tradisjonell klasseromskule. Skulen er langstrakt og det er lange avstandar i bygget. Dei ulike bygningsdelane har vorte bygd på ulike tidspunkt, og har ulik karakter og kvalitet.

Skulen manglar grupperom og har ikkje høve til å organisera elevane fleksibelt i grupper av ulik storleik. Fleire av klasseromma treng oppussing.

Barnedelen ber preg av små og tronge klasserom, og har 5 klasserom og 3 grupperom. Alle er ordinært lukka klasserom på 48-54m². Tre av grupperomma har god storleik medan eitt er mindre.

Ungdomsskulen har 6 klasserom og 2 grupperom, også her er alle ordinært lukka klasserom. 4 av desse er på 60m², eitt på 50m², eitt på 71m², Grupperomma har god storleik, 31m² og 41m².

Det er generelt svært dårlege akustiske tilhøve i læringsareala, både i barne- og ungdomsdel. Ytterveggar, yttertak, vindauger, og bærekonstruksjonar i barnedel er av ein slik kvalitet at desse ikkje vil møta dagens krav til standard.

Det er fleire stader skader som følgje av fukt i bygningsdelar. Det er dårleg ventilasjon i barnedel, gamle gymsal og symjehall. Gamle gymsal er provisorisk ventilert ved at luft sleppast inn gjennom ei luke, og representerar eit betydeleg varmetap og høge oppvarmingskostandar,

samtidig som det gjer at gymsalen vert svært kald vinterstid. Det er høgt energiforbruk i gamle gymsal. Overflatar er slitte, og fleire stader er det synlege fuktskader.

Fasadane i barnedelen er sørvendt utan solskjerming, noko som medfører ubehagelege temperaturar vår- og sommarstid.

Vidare er garderobetilhøva for elevane ikkje tilfredsstillande. Desse er no slik plassert at det ikkje er mogleg å dela inn i soner for innesko/utesko. Elevar på barnesteget har toalett ved klasserom. På ungdomstrinnet ligg desse i utetg, ute, noko som ikkje er heilt ideelt.

Gymnastikk føregår i Tysneshallen under gode tilhøve.

Administrasjon og lærararbeidsplassar er rommelege, godt innreia og tenelege, men er ikkje så godt plassert i forhold til barnedelen, og administrasjon ligg heller ikkje i direkte tilknytning til lærararbeidsplassar.

Ungdomsdelen er generelt i mykje betre stand, den vil likevel trenge noko oppussing av overflatar og forbetring av akustiske tilhøve. Ventilasjon i ungdomsskuledel er tilfredsstillande slik den er idag, men vil truleg ikkje imøtekomma nye forskriftskrav.

Bærekonstruksjonane i ungdomsdel er av betong og er tilsynelatande greie, men armering er fleire stader blottlagt i utvending betong, med påfølgande rust på armering. Vidare er søylene langs fasadene satt slik at dei medfører at mykje kuldebruer, som igjen medfører eit høgt energiforbruk.

Garderobane i symjehallen er i svært dårleg stand, og plasseringa av desse tilfredstillar ikkje krav til universell utforming. Symjehallen er elles lite energieffektiv, og treng utbetring av ventilasjon. Symjehallen har elles nokre fine kvalitetar.

Biblioteket/mediateket er stort. Ikkje så godt innreidd med leidningar ned frå taket m.m, men med nokre justeringar kan rommet fortsetta å fungera som bibliotek.

Naturfagrommet på 67m². Det er gammalt, og har ikkje vorte pussa opp sidan det var nytt.

Skulekjøkkenet er på 90 m², matlager på 13 m².

Kunst og handverk ligg i 1. etg i ungdomsdelen. Tekstilrommet er på 81 m², måle og keramikrom 49 m², stor sløydsal på 109 m². Alle areala er romslege, men noko slitte.

Areal til musikkavdelinga er dårlege og er ikkje tilpassa funksjonen. Gamle gymsal er ikkje ventilert, og er ikkje isolert. Desse romma er av utdatert standard. Lydforholda i øvingsrom er såpass dårleg at det kan medføre høyrsleskade på brukarane.

Skulehelsetenesta har 24 m² i barnedelen, i lokalar som treng oppgraderingar. Lokalane er svært dårleg bl.a. i forhold til lydsmitte og ventilasjon.

Lærararbeidsplassar er plassert i 3. etg. Desse fungerer fint, men treng ein meir sentral plassering mellom barnedel og ungdomsdel.

Med unntak av biblioteket og skulekjøkkenet, er spesialromma slitte og treng oppgradering.

Reinhaldsentral i 1. etg barnedel treng oppgradering.

Ingen av skulebygningane held energikrava gitt i TEK10 / klima og energiplan for Tysnes. Energibehovet til oppvarming kan truleg reduserast kraftig ved ei ombygging av bygningsmassen.

Bygningane er lagt slik på tomta at dei lagar to avskorne uteområde, eitt øvre område på nordsida, og eitt nedre på sørsida. Uteareala er berre delvis opparbeida med leikeareal. Storparten av uteareala består store asfalt- og grusflater med ballbanar og nokre få leikeapparat. Det er ikkje vidare godt tilrettelagt for variert leik og aktivitet for elevane. Det er heller ikkje lagt opp til gode opphaldsområder i høve til rom og sonar ute. Adkomsten og trafikklysinga burde vore betre tilpassa dei faktiske behova med både gåande, syklende, bilar og bussar, og i høve til sikkerhet har også dette behov for oppgraderingar.

Av andre areal er det stort tilfluktsrom i under etasjen til ungdomsdel. Dette skal framleis vera tilfluktsrom.

2.1.1.4 Tidlegare tilstandsvurderingar

Tilstanden ved skulen har tidlegare vorte vurdert av kommunelege Magne Skartveit, som har påpeika fleire tilfelle som krev utbetring før skulen kan godkjennast på permanent basis.

Vidare er det i november 2012 utarbeidd «Rapport om fysisk arbeidsmiljø på Tysnes skule» der bygningsmasse og innemiljø vert gjennomgått av Bedriftshelsetenesta. Denne ligg som vedlegg.

3 Brukarmedverknad

3.1 GJENNOMFØRING OG BRUKARMEDVERKNAD

Norconsult si oppgåve har vore å gjennomføra ei grundig vurdering av eksisterande skule for så å utarbeida arealprogram som har låge til grunn for utarbeiding av alternative løysingar for rehabilitering og ombygging.

Det har gjennom prosessen vore jamleg kontakt mellom prosjektleiar m/styringsgruppa og Norconsult, og det har vorte avhalde møter der løysingar har vorte presentert og diskutert.

Det har også vorte gjennomført møter med brukargrupper, og innspel frå desse har låge til grunn for utarbeiding av arealprogram og skisseforslag.

Det har vorte avhalde to møter med kvar brukargruppe, eitt tidleg i prosessen, og eitt då dei første skissene førelåg. Det har ut over munnlege innspel gitt på møter også vorte gitt skriftlege tilbakemeldingar i etterkant av møta.

Viser til møterferat utarbeidd av Tysnes kommune.

Brukargruppene som har deltatt i desse møta, er følgjande:

- Helsesøster og Kommunelege, Psykisk helse, Fysioterapi, Bedriftshelsetenesta, og Barnas representant.
- FAU, Elevråd, Samarbeidsutvalet, og Miljøutvalet
- Tilsette, Utdanningsforbundet, Fagforbundet, Vaksenopplæringa, og Kulturskulen.

3.2 INNSPEL FRÅ BRUKARAR

- Helsesøster og Kommunelege

- Skulehelsetenesta (helsesyster og psykisk helsearbeidar for barn og unge) deler i dag kontor lokalisert i barneskuledelen). Dette manglar lydisolering, ventilasjon og venterom. I samband med ei ombygging er det viktig at dei byggtekniske manglane

vert utbetra. I tillegg er det stort behov areal til bruk for gruppesamtaler. Tenesteytar ønskjer og lydtett venterom.

- Skulehelsetenesta er særers positive til framlagte skisser for full ombygging og opplever at desse på ein god måte tek vare på deira og elevane (skulen) sine behov. Framlegg til utforming av uteareal blir omtala som godt og funksjonelt.

- **Bedriftshelsetenesta,**

- Sjå vedlagt rapport frå bedriftshelsetenesta om det fysiske arbeidsmiljøet ved Tysnes skule datert november 2012.

- **Psykisk helse,**

- Sjå punkt om Helsesøster og Kommunelege

- **Fysioterapi,**

- Kommunefysioterapeut ønskjer tenlege lokale der ein kan gjennomføra øvingar og aktivisering av elevar/grupper med særskilte behov. Slikt areal kan gjerne vera i sambruk med spes.ped. avdeling.

- **FAU, Elevråd, Samarbeidsutval, skulemiljøutval**

- Ovanfor nemnte råd og utval kom med innspel til arbeidet med rehabilitering/ombygging i samla møte. Utvala er sterkt kritiske til framlegg om lett rehabilitering. Dei oppfattar at dette berre er å skuva problema framom seg, og at ei total ombygging må finna stad uansett. Utvala er vidare opptekne av at ei ombygging må ta høgde for ei eventuell endring i skulestruktur.
- Utvala er og opptekne at ein vurderer andre energikjelder enn dagens løysing med strøm. Dette er viktig med tanke både miljø og kostnad.
- Elevrepresentantane er særleg opptekne av at uteområda får ei utforming som inspirerer til fysisk aktivitet på elevane sine premisser. Dei ønskjer og sterkt å vera delaktig som referansegruppe i ein prosess som leiar fram til ny bygningsmasse.
- I samband med framlegging av skisser for full ombygging uttrykker utvala seg positivt, men dei er opptekne av at det må vera tilstrekkeleg overbygd uteareal og ikkje for store asfalterte område.

- **Tilsette**

- Dei tilsette opplever stor frustrasjon over manglar ved og utforming av bygningsmassen. Dei meiner at ei lett rehabilitering ikkje er tenleg og i liten grad vil dekkja elevar og tilsette sine behov for ein hensiktsmessig og sunn bygningsmasse.
- Personalet ved skulen meiner at barneskuledelen må rivast. Ein opplever dagleg store problem med dårleg ventilasjon og støy. Sjølv om nokre av romma er pussa opp, så opplever ein framleis mange utfordringar med fukt i bygningsmassen. Denne delen av skulen har og jamleg store maurinvasjonar. Klasseromma er for små og lite fleksible. I fleire av romma er det så trangt at elevane ikkje har høve til å sitja kvar for seg og arbeida. Skulen har ikkje tenlege lagerareal for undervisningsmateriell og manglar tenlege grupperom.

- Spesialromma ved skulen er nedslite og tilfredstillar ikkje dagens krav med tanke på utforming og ventilasjon. Dette gjeld både kunst & handverk, musikk og naturfag. Bibliotek er samlokalisert med datarom og manglar lesestol.
- Skulen manglar avdeling for spesialpedagogikk. Denne bør ha lett åtkomst til bad, opphaldsrom og kjøkkenfasilitetar.
- Garderobetilhøva for elevane er for dårlege. Dei har for liten plass og dette skapar store utfordringar med å halda god orden og å leggja til rette for eit effektivt reinhald. Elevtoaletta er for få. Elevane på ungdomsskulen må i tillegg gå ut av bygget for å gå på toalett (langt vekk frå undervisningsareal).
- Garderobane ved symjehallen må få universell utforming, og funksjonshemma elevar bør få eigen garderobe direkte i tilknytning til bassenget.
- Reinholdarane ved skulen har ikkje gode lokalar til sitt utstyr. Reinholdsstasjonane er for få og små og rom for oppbevaring og vask av utstyr har store fuktskader.
- Personalet sine arbeidsplassar er i dag spreidd over heile bygningsmassen. Desse bør ligga sentralt i bygget og i nærleik av administrasjon og skulehelsetenester. Her bør ein og ha garderobefasilitetar og lydtette møterom. Bygningsmassen si generelle utforming er ikkje tenleg med tanke på effektive arbeidsdagar verken for vaksne eller barn (mykje tid går vekk til trakking i lange gangar).
- Det elektriske anlegget i bygningsmassen er gammalt og underdimensjonert med tanke på dagens behov. Hovudtavla i barneskuledelen er til dømes ikkje oppgradert sidan bygget vart oppført. Dette medfører hyppige sikringskift og utstrakt bruk av skøyteledningar.
- Uteområda har ei utforming som er dårleg tilpassa dei ulike aldersstega, og dei er i liten grad tilrettelagt for fysisk aktivitet. Dette gjeld både barne- og ungdomssteget. Personalet ved skulen er og kritiske til at så store delar av uteområdet er asfaltert.
- Dei tilsette er og opptekne av at kulturskulen og vaksenopplæringa får høvelege lokale og ser det som eit føremon at desse tenestene vert samlokalisert med Tysnes skule.
- I samband med framlegging av skisser for full utbygging uttrykker personalet seg særst positivt. Dei gjev uttrykk for at skissene illustrerer ein bygningsmasse med mange gode løysingar. Dei peikar likevel på at det er viktig med nok grupperom (eit pr. elevgruppe) og stor grad av fleksibilitet med tanke på inndeling av undervisningsarealet.

- **Vaksenopplæring**

- Vaksenopplæringa i Tysnes nyttar i dag møterommet i Tysneshallen til si undervisning. Dette er ikkje tilstrekkeleg. I tillegg nyttar dei ulike rom på Tysnes skule. Dette er ikkje eit fast rom, men vil gjerne variera frå dag til dag (avhengig av skulen sine behov). Vaksenopplæringa har ikkje areal for oppbevaring av utstyr, sittegruppe for samtalar, kjøkkenkrok for praktisk arbeid eller garderobe for tilsette.
- Kommunen sitt tilbod om norskopplæring for arbeidsinnvandrarar nyttar i dag lokale på Tysnes skule (på kveldstid)

- Kulturskulen

- Status pr. i dag:
Kulturskulen har eit halvt kontor + lagerplass i «Tinghuset»
All undervisning skjer på skulane, og i «korpsrommet» i Tysneshallen.
Slik situasjon er no er det umogleg å utvikla skulen i høve til felles personal / elevmiljø.
Både lærarar, og elevar er «gjestar» i andre sine læringsmiljø. Dei ser då lite til dei andre i kulturskulen. Dette fører til mangel på felleskapsforståing, og begrensar dei kreative kreftene som ligg i samarbeid.

Det er trong for eigne tilpassa lokale så fort som råd.

- I framtida:
I planane for ombygging av Tysnes skule er det tenkt ei kulturskuleavdeling som også skulen skal nytta. I ei slik sambruks-ordning treng ingen vera gjestar og ein kan dela på undervisningsrom.
I tillegg får lærarane i kulturskulen eige kontor, og eit arbeidsmiljø.
Gode og spenstige aktivitetar vil då oppstå naturleg som ein konsekvens av at lærarane er til stades på samme stad. I slike lokaler er det naturleg å ha elevane på plass samstundes i større grad enn no.
Trivnad, motivasjon og fagleg utvikling vil utan tvil auka kraftig. Nye og betre undervisnings-situasjonar vil også oppstå heilt naturleg i eit slikt miljø.
- Sambruk:
Som nevnt over, vert det (i følge planane) ved ei ombygging, sambruk om musikkavdeling. Fellesareal på skulen vil og stimulera til andre naturlege sambruksformar:
 - Frivillege lag som treng øvingsrom
 - Elevkveldar
 - «Open skule» om ettermiddagen for lekser, opplæring, og aktivitetar i frivillege lag.
 - Ulike tilstellingar/konsertar,og liknande.

4 Løysingsforslag

I dette kapittelet tar vi for oss dei to alternativa der vi ser på alternative løysingar for korleis skulen med kulturskulen og vaksen opplæringa kan løysast.

Det har vorte utarbeidd tre utbyggingsalternativ :

- Ombygging til 1-10 skule (inkl nye garderober symjeanlegg)
- Ombygging til 5-10 skule med utviding til 1-10 (inkl nye garderober symjeanlegg)
- Lett rehabilitering

4.1 RIVING OG OMBYGGING

4.1.1.1 Arealprogram

Som grunnlag for utarbeiding av arealprogrammet har arealnormer som er utarbeidd av Skoleseksjonen Norconsult, vorte brukt som grunnlag.

Dei relevante arealnormene er normen for ein kombinert 1-10 skule med 300 elevar (K300), og normen for ein 5-10 skule med 270 elevar (U270).

SKOLETYPE		U270	K300
TRINNAREAL:			
GENERELT LÆRINGSAREAL		1100	1 200
ELEVGARDEROBER OG WC		215	222
SFO			
SFO-BASE, INKL. KONTOR OG LAGER			42
SUM GENERELT LÆRINGSAREAL INKL. SFO:		1315	1 464
SPESIALISERT LÆRINGSAREAL:			
MAT OG HELSE		75	75
BIBLIOTEK		75	75
NATURFAG		100	100
MUSIKK OG DRAMA		90	90
KUNST OG HÅNDVERK		210	210
AUDITORIUM			
SUM SPESIALISERT LÆRINGSAREAL		550	550
PERSONAL- OG ADMINISTRASJON			
ADMINISTRASJON (INKL SFO-LEDER)		75	75
LÆRERARBEIDSPLASSER M/STØTTEFUNKSJONER		180	180
MØTEROM		30	30
PERSONALROM		45	45
PERSONALGARDEROBER/TOALET		36	36
SUM PERSONAL- OG ADMINISTRASJONSAREAL		366	366
ANDRE FUNKSJONER:			
KANTINE		90	90
VESTIBYLE / ALLROM			
HELSE/PPT/LOGOPED		30	30
DRIFT OG LAGER		75	75
SUM ANDRE FUNKSJONER		195	195
SUM NETTOAREAL ekskl idrettsareal		2426	2 575
SUM BRUTTOAREAL ekskl idrettsareal (NETTO* B/N faktor)	1,4	3396	3 605
IDRETTSHALL SPILLEMIDLER (GARD/APPARAT,LAGER,MAV)		350	350
SUM NETTOAREAL inkl idrettsareal		2776	2925
SUM BRUTTOAREAL (NETTO* B/N faktor) :	1,3	3609	3 803
I bruttoareal inngår tekniske rom, veggtykkelser (TEK 10), gangareal m.m.			
HJELPESTØRRELSER:		U270	K300
MAKSIMALT ELEVTALL		270	300
LÆRERE OG ANDRE ANSATTE (BRUKES IKKE I BEREGN)		26	28
LÆRERE (BRUKES IKKE I BEREGNINGENE)		21	23
Paralleller		3	1
Faktor beregning lærere: elevtall/13,1 barneskole, elevtall/12,9 komsbsole, elevtall/12,7 usk			

4.1.1.2 Riving av barnedel, gamle gymsal, og biblioteksdel

Sjølve planløsinga i eksisterande barnedel er organisert på ein slik måte at det vert svært vanskeleg å gjera dette om til ei planløsning som møter dagens standard, og skulle ein behalda desse bygningane, ville det ha medført ei mindre effektiv løysing med lange avstandar i bygget.

Ei rehabilitering av barnedelen til dagens forskriftskrav vil også medføra høge kostnader, samtidig som at kvaliteten på desse areala ikkje ville vore fullgod. Ei rehabilitering av barnedel ville mest sannsynleg ha medført kostnader som ville vore lik eller overskytande kostnadane som ved å bygga nytt.

Vår samla vurdering er difor å riva barnedel, og bygga nytt.

4.1.1.3 Ikkje samlokalisering av Folkebibliotek og skulebibliotek.

Samlokalisering av skulebibliotek og folkebibliotek på skulen har vore oppe til vurdering. Anslått arealbehov og påfølgjande størrelsar i kostnader, gjorde at oppdragsgjevar undervegs valde å gå vekk frå dette.

4.1.1.4 Sambruk

Skuleanlegget skal leggst til rette for ei så høg grad av sambruk som mogleg. Dette gjeld både sambruk mellom skulens eigne brukarar, sambruk mellom skulen og lokalsamfunnet, men også knytt opp mot kulturskulen, biblioteket og vaksenopplæringa. Også på uteområdet vert det lagt opp til sambruk med Tysnesfest m.fl. Skulen skal vera ein sosial arena med moglegheit for samvær for fleire generasjonar, og uteareala skal innby og inspirera til fysisk aktivitet så vel på kveldstid som i skuletida.

4.1.1.5 Energieffektivitet

På grunn av omfanget på ombygginga, vil begge forslaga for ombygging truleg falle inn under kva som vert karakterisert som ei «hovudombygging». Dette vil innebera at nye energikrav og nytt regelverk vil gjelde for heile skulen, også areala i ungdomsdelen. Vidare vil TEK15, som truleg vil verta det gjeldande regelverk for prosjektet, sannsynlegvis inneha ei ytterligere skjerping av energikrava, til passivhusnivå.

Ut over dette vil også ein kunne kutta i driftsutgifter ved ei forbetring av energieffektiviteten til skulen.

Det har difor tidleg vorte beslutta å utarbeida forslag som siktar på ein energieffektivitet lik passivhusnivå.

4.1.1.6 Kostnader

Forslaget er nøkternt utforma og inneber ikkje spesielt fordyrande konstruksjonar.

Det er lagt opp til kvalitetar som både er energieffektive, og har lang levetid, og som reduserer behovet for vedlikehald.

Det er likevel rom for ytterligere effektivisering av forslaget slik det føreligg.

Ved behov for kutting i kostnader, vil me anbefala å gjera dette i form av reduksjon av areal, og for eksempel i form av meir sambruk, noko som vil vera eit av dei virkemidla som kan gje mest utslag.

Om ein skal ta ut funksjonar i arealprogrammet, vil dette kunne påverka korleis skulen heng saman. Dette gjeld spesielt allrommet, som må blant anna sjåast i samanheng med inngang, musikkavdeling og kulturskule, og kantine. I tillegg til å vera staden det kan foregå tilstellingar, kurs og konsertar, vil dette også vera rommet der heile skulen kan samlast inne. Det er også lagt opp til sambruk med elevkantine, og areala skal også fungera for spiseplassar for elevar.

Allrommet er ein sentral del av løysingsforslaget, både i plassering og funksjon. Ein vil eventuelt ta ut ein viktig del av det arkitektoniske konseptet slik det forelegg no, og ein må difor måtte pårekna at det vert nødvendig med ei bearbeiding av forslaget.

4.2 OMBYGGING TIL 1-10 SKULE

4.2.1.1 Arkitektonisk konsept, 1-10 skule

Ein av dei første tinga me la merke til ved skulen slik den er i dag, var den langstrakte disponeringa og at uteområda som var delt i to av denne. Områda er i dag avskorne i eitt område på sørsida, og eitt på nordsida.

Då me vidare leita etter ein mogleg måte å knyta seg til ungdomsdelen funksjonelt og romleg i forhold til eksisterande, fann me at å kopla administrasjonen mot kontora for lærarane i 3 etasje kunne vera tenleg.

Nærmare undersøkingar av dei eksisterande bygningane i barnedelen viser at dei er av ein slik kvalitet at det er hensiktsmessig å riva desse for å bygge nye areal, framfor å rehabilitera dei. Ungdomsdelen derimot, har ei utforming som gjer at det er hensiktsmessig å behalda bygningen, og oppgradera denne.

Forslaget inneber eit grep der barnedelen vert rive, og ein ny barnedel vert etablert på tvers av der eksisterande bygningskropp ligg i dag.

Dette gjer at uteområdet vert bunde meir saman, samtidig som det skapar ei laus tredeling, og dei ulike trinna kan få litt meir sine plassar, samtidig som områda vert meir opne og flyt inn i dei andre.

Hovudinngangen blir liggande i plan med tilkomsten, og ein kan frå dette nivået enten gå opp til administrasjonen, eller ned ein etasje til sfo og barnetrinnet. Administrasjonen bli flytta opp, slik at denne dannar ei bru mellom nye barnedel og ungdomsdel.

I tilknytning med hovudinngangen er det tenkt eit samlingsrom som skal kunne samla heile skulen. Samtidig skal det også kunne fungera som lokale for kulturelle arrangement og andre tilstelningar. Det er foreslått ein teleskoptribune i dette rommet.

I direkte tilknytning til samlingsrommet ligg kulturskulen og musikkavdelinga, med øvingsrom og grupperom, lager, og kontor for kulturskulen. Det er lagt opp til utstrakt sambruk mellom kulturskulen og den ordinære musikkundervisinga som vert halde av skulen. Inngangen på vestsida av bygget, forenkler transport av utstyr til og frå avdelinga.

Når administrasjonen vert flytta opp, vert den liggande i same plan, og i nær romleg flyt med lærararbeidsplassane, samtidig som dei saman blir liggande sentralt i forhold til barnedelen. Administrasjonen vert også godt synleg, og blir liggande slik at den vert enkel å finna for besøkande. Administrasjonen vert organisert med m.a. cellekontor, og ein utvendig veranda.

I same plan som administrasjonen er skulekjøkken og elevkantine plassert, med spiseplassar langs messaninen og i samlingsrommet. Samlingsrommet er i dobbel høgde, slik at messaninen er i open inn mot dette rommet.

I ungdomsdelen, under administrasjonen, ligg biblioteket. Dette er plassert slik at det vert lett tilgjengeleg for elevane. Vidare ligg det på bakkeplan, og får eigen inngang slik at det vert tilrettelagt for mogleg sambruk med lokalsamfunnet på kveldstid.

Vaksenopplæringa ligg direkte tilknytt biblioteket, men slik at det får ein eigen inngang, og blir liggande litt for seg sjølv. Avdelinga vil også innehalde kontor, grupperom, garderobar og toalett, og ein kjøkkenkrok.

Spesialpedagogisk er plassert i ungdomsdelen, og blir liggande mellom ungdomstrinnet og vaksenopplæringa. Det er lagt opp til sambruk av spesialpedagogisk, slik at dette kan brukast som eit ekstra grupperom for ungdomstrinnet eller vaksenopplæringa. Det er også tenkt sambruk andre vegen, at spesialpedagogisk brukar kjøkkenkroken og toaletta. Vidare er det tenkt at fysioterapi kan gå føre seg i spesialpedagogisk.

Det er lagt opp til to heisar, ein som betener ungdomsdel, og den andre i barnedel. Heisane legg til rette for universelt tilgjenge både for publikum og elevar.

Vidare inneber forslaget at ein etablerer eit utvendig amfi. Amfiet bind uteområda i nord og sør saman, samtidig som det skapar ein uteplass som er sørvendt. Denne vil kunna fungera som eit av områda for ungdomstrinna, samtidig som det også vil kunna vera ein plass der heile skulen kan samlast ute, og tilstellingar som 17.mai og likande kan gå føre seg. Amfiet vil også kunna fungera positivt med tanke på sambruk med Tysnesfest.

I forhold til innvendige areal i bygningen, vil amfiet ha funksjon som ein innvendig passasje mellom barnedel og ungdomsdel i nivået under hovudinngangen. Desse areala vil også husa SFO. SFO vert ved denne plasseringa liggande i direkte tilknytning til småtrinnet, og får moglegheit til å komme rett ut på terrenget, gjennom to ulike inngangar. Vidare er amfiet tenkt utforma slik at det slepp inn lys i optrinnet. SFO vil få godt med dagslys.

To av heimeområda for småtrinnet ligg i 1 etasje, med eigen inngang og tilgang direkte ut på terreng. Dei to andre ligg i etasjen over (i plan med hovudinngang) også med direkte utgang til terreng. Begge får garderobar ved inngangane. Ein rutsjebane går frå andre etasje ned til første, og vil virka for å binda dei to etasjane saman.

Bygningane og inngangane er organisert slik at det med enkle grep kan legga til rette for adgangsstyring med nøkkelkort, og dei ulike delane kan leigast ut uavhengig og brukast av ulike grupper.

Måten bygningane er utforma på gjer at det vert tilrettelagt for rikeleg med dagslys i alle læringsareal.

Dei spesialiserte læringsareala (forming, keramikk, sløyd, fysikk, og datarom) ligg i etasjen under inngangspartiet, og ligg slik at dei enkelt kan nåast frå barnedel og ungdomsdel. Dei får også ein inngang nært tilknytt, og materialar m.m. kan enkelt flyttast inn og ut.

Garderobeløysinga og inngangssituasjonen for dei ulike trinna vert forbetra, slik at ein får fleire inngangar for dei ulike stega, med eigne garderobar med skap og toalett, og moglegheit til å etablere soner for innesko.

4.2.1.2 Uteareal

Det er i forslaget til uteområda lagt opp til større grad av sonar og rominndeling. Det er også tenkt at det på øvre nivå vil få eit litt hardare og meir urbant preg, mens det mot nedre nivå blir meir parkprega. Dette er i hovudsak av praktiske årsaker, men også fordi det i dette landskapet kan passa med ein gradvis overgang til jordbruksareal og grønne flater.

Adkomstområdet med buss og hente- og bringefunksjon blir separert, og parkeringa vert rydda opp i. Det vert føreslått 2 parkeringsplassar for å få plass til 60 bilar. Den kan vurderast om det bør byggast gangfelt langs adkomstvegen til skulen for å få sikrere tilhøve for gåande og syklende.

Eit stort adkomsttorg tek imot elevar og andre brukarar, og her blir det også plass til sykkelparkering og opphald. Ved ein 1-10 skule er leike- og aktivitetsområda delt i tre, der trinna har kvar sine hovudområder, men dei deler på ballareala. Det kan vera naturleg å dela områda inn slik som dette, men det gjer det sjølvstøtt ikkje umogleg å dela på alt om ein vil det, og det vil bli glidande overgangar og fellesområder mellom opphaldsareala.

1-3 trinn har sitt hovudområde på øvste nivå, 4-7 får på nedste nivå og i skråninga, og 8-10 trinn får også på nedste nivå og i skråninga, men på ungdomsskulesida av det nye bygget.

Leikeareala i skråninga er tenkt som terrengleik og tarzanløype med litt utfordringar og mellom anna nett, sklier, tunnelar, tau, boksar og stenger. Skråninga glir ut i områda både på øvste og nedste nivå, og blir slik, saman med amfi og trapper og ramper, eit aktivt bindeledd mellom nivåa. Her er også rom for opphaldsrom for meir roleg leik og matpausar.

På nedste nivå er det tenkt å vidareføra området for balleik, men å dele opp arealet meir i litt mindre rom, så ein får plass til fleire aktivitetsmoglegheiter. Dette tenker me kan gjerast ved hjelp av vollar og vegetasjon, noko som også er praktisk i høve til masser som blir til overs på tomta.

Det er i hovudsak tenkt harde dekker, som asfalt, betong, heller og tredekke i aktivitetsareala, men med farga gummidekker på leikeareal og grønne terrengformer og vegetasjon som bryter opp i flatene. Me ser også for oss at nokre av dei harde flatene kan livast om med maling i fine fargar t.d.

4.2.1.3 Byggetrinn, 1-10 skule

For å gjera det mogleg å fordela nødvendige investeringar over tid har oppføringa vorte delt inn i tre byggetrinn. Det er utarbeida forslag med grovkalkyler for tre byggetrinn (sjå teikningar og grovkalkyler).

Obs. før byggetrinn 2 må vaksenopplæringa ha midlertidige lokalar andre stader.

- Byggetrinn 1 - Eksisterande barnedel blir rive, og ny barnedel vert oppført saman med uteamfiet. Det vert ikkje gjort noko arbeid i eksisterande ungdomsdel. Læringsareal, administrasjon, spesialiserte læringsareal og biblioteket blir verande slik det er i dag. Inntil byggetrinn 2 har vaksenopplæringa lokalar andre stader. Det meste at utearealet vert opparbeida, men unntak av noko opparbeiding på nedre nivå og terrengleik i skråning. Øvste nivå kan opparbeidast med grus i første omgang, og heller ved inngangar.
- Byggetrinn 2 - Riving av biblioteket, oppføring av administrasjon, nytt bibliotek, vaksenopplæringa, samt nokre mindre areal i ungdomsdelen. Ute opparbeider ein ytterlegare aktivitetsareal for dei eldste, både i terreng og på nedre nivå, og betre adkomst frå vest. Øvste nivå blir opparbeida med asfalt/hardt dekke.
- Byggetrinn 3 – Etterisolering og ombygging av ungdomsdelen.

4.3 OMBYGGING TIL 5-10 SKULE, MED SEINARE UTVIDING TIL 1-10

4.3.1.1 Arkitektonisk konsept, 5-10 skule

I store delar gjeld dei same arkitektoniske grepa som i forslaget med 1-10 skule, med unntak av nokre punkt:

Ved bygging av ein 5-10 skule ynskjer ein seinare å enkelt kunna utvida denne til ein 1-10 skule. Dette vert tatt hand om ved at barnedelen blir bygd med same ytterskal som ved ein 1-10 skule, men at ein let vera å innreia loftet. Dette fører med seg ei litt høgare inngangsinvestering, men er totalt ei billegare løysing når utvidinga har funne stad.

Trinn 5-7 får heimeområder i 1. og 2.etasje. Desse vert seinare flytta opp på loftet ved utviding til 1-10.

Amfiet vert innreia som fellesareal, og står tilgjengeleg for omgjerding til SFO. Forslaget inneber også ein viss overkapasitet i andre fellesareal for å kunne ta imot ein utviding.

Areal for lærararbeidsplassar og personalrom vert utforma slik at det kan ta imot auken av tilsette ved utviding til 1-10.

4.3.1.2 Uteareal

Prinsippa og utforminga av uteområdet blir det same som for 1-10 skule, men i denne varianten vil 5-7 trinn kunne få heile arealet vest for nybygget, også øvste nivå, som sitt hovudområde.

4.3.1.3 Byggetrinn, 5-10 skule

Utbygginga vert også her foreslått delt inn i tre byggetrinn:

- Byggetrinn 1 - Eksisterande barnedel blir rive, og ny barnedel og amfiet vert oppført. Det vert ikkje gjort noko arbeid i eksisterande ungdomsdal. Læringsareal ungdomsdal, administrasjon, spesialiserte læringsareal, og biblioteket blir verande slik det er i dag. Vaksenopplæringa vert innreia midlertidig på loftet i barnedel. Det meste at utearealet vert opparbeida, men unntak av noko opparbeiding på nedre nivå og terrengleik i skråning som ikkje er naudsynt ved færre elevar. Øvste nivå kan opparbeidast med grus i første omgang, og heller ved inngangar.
- Byggetrinn 2 - Riving av biblioteket, oppføring av administrasjonsbru, nytt bibliotek og vaksenopplæring, samt ombygging av nokre mindre areal i ungdomsdelen. Ute opparbeider ein og betre adkomst frå vest noko meir aktivitetsmoglegheit på nedste flate. Øvste nivå blir opparbeida med asfalt/hardt dekke.
- Byggetrinn 3 – Etterisolering og ombygging av ungdomsdelen

4.4 OMBYGGING AV GARDEROBAR I SYMJEHALL

Dei eksisterande garderobane i symjehallen er av ein såpass dårleg kvalitet, at det vert sett som naudsynt å betra forholda. Garderobane ligg i underetasjen frå bassenget, noko som gjer det vanskeleg å få til universell utforming utan fordyrande tiltak.

I ei samla vurdering av tilstanden til det eksisterande delane og kostnadane ved ei eventuell utbetring av desse, vil me tilrå å riva delar av areala i 1 etasje for å gje plass for nye garderoabar i plan med bassenget. Dette inneber nye areal på ca 180 m².

Ettersom ombygging av garderobane forutset at den gamle gymsalen er rive, vil dette kun vera mogleg i alternativa med ombygging av skulen, og ikkje i alternativet med lett rehabilitering.

I alternativet «Lett rehabilitering» vert dei eksisterande garderobane renoverte og pussa opp, i etasje under bassenget. Dette forslaget vil innebera at situasjonen ikkje vert forbetra iforhold til universell utforming, og planløyninga vil forbli slik den er i dag.

4.5 LETT REHABILITERING

4.5.1.1 Arkitektonisk konsept, lett rehabilitering

Ei lett rehabilitering inneber at ein endrar minst mogleg, og fortset å bruka areal slik ein gjer i dag. Ein utbetrar det mest nødvendige, med eit tidsperspektiv på fortsatt bruk i maksimum ti år.

Alternativet er i hovudsak eit virkemiddel for å kunna utsetta det som vert oppfatta som ei nødvendig ombygging av skulen, og for å utsetta desse investeringane i tid.

Alternativet vil medføre investeringar i areal som ein seinare vil måtte rive. Det er difor diskutabelt kor tenleg denne løysinga er, sett over tid. Alternativet vil på kort sikt krevja mindre investeringar, men på lang sikt vera ei dyr og lite berekraftig løysing.

OBS forslaget vil ikkje forbetra tilhøva for universell utforming i symjehall. Det vil heller ikkje løysa arealbehovet til kulturskulen.

Forslaget består i hovudsak å gjennomføra følgjande tiltak:

- Utbetring av vatnskader og drenering
- Utbetring av ventilasjon
- Nye himlingar / utbetring av akustikk
- Utvendig solavskjerming
- Maling av innvendige veggjar
- Ny planløysing helsesøster / betring av lydtilhøve og ventilasjon
- Forbetring lydtilhøve i øvingsrom. Det vert utover dette gjort tiltak i gamle gymsal for utbetring av ventilasjon, overflatar, og solavskjerming, men forslaget inneber at det ikkje vert nokon endringar av planløysing. Arealbehovet til Kulturskulen vil ikkje verta dekkja.
- Utbetring av garderobar symjehall utan forbetring av forholda for universell utforming

4.5.1.2 Uteareal

Uteareal vert i dette forslaget ikkje bearbeida

5 Økonomi

5.1 GROVKALKYLAR

Sjå vedlagte grovkalkylar. Kostnadane for dei ulike alternativa vert kalkulert til:

Alternativ	Kostnadsoverslag (mill NOK) 1)
1-10 skule, samla alle byggetrinn	162,0
1-10 skule - Byggetrinn I	79,5
1-10 skule - Byggetrinn II	29,3
1-10 skule - Byggetrinn III	53,2
5-10 skule, samla alle byggetrinn	158,8
5-10 skule – Byggetrinn I	76,3
5-10 skule – Byggetrinn II	29,3
5-10 skule – Byggetrinn III	53,2
Lett rehabilitering	13,2
Nye garderober Symjehall	6,6

Medrekna i kalkylane:

- Riving av eksisterande bygningar
- Bygningsmasse med energieffektivitet lik passivhusnivå
- Sprinkling av heile bygningsmassen
- Utomhusarbeid
- MVA
- Prisstigning t.o.m. byggestart i 2015

Ikkje medrekna i kalkylen: Laust inventar, finanskostnader, eventuelle midlertidige lokalar i byggetida, tomtekostnader.

6 Vedlegg

- ❖ Skisser ombygging Tysnes skule (ombygging til 1-10 og 5-10 skule)
- ❖ Arealprogram Tysnes skule
- ❖ Skisser lett rehabilitering Tysnes skule
- ❖ Grovkalkyle 1-10 skule byggetrinn 1
- ❖ Grovkalkyle 1-10 skule byggetrinn 2
- ❖ Grovkalkyle 1-10 skule byggetrinn 3
- ❖ Grovkalkyle 5-10 skule byggetrinn 1
- ❖ Grovkalkyle 5-10 skule byggetrinn 2
- ❖ Grovkalkyle 5-10 skule byggetrinn 3
- ❖ Grovkalkyle garderobesymjehall
- ❖ Grovkalkyle lett rehabilitering
- ❖ «Rapport om fysisk arbeidsmiljø på Tysnes skule», Bedriftshelsetenesta 2012.
- ❖ Møtereferat frå møte med referansegruppene